



Arkivsaknr: 2026/8470-1
Sakshandsamar: Christian Fredrik Fotland
Avdeling: Kommunedirektør

SAKSFRAMLEGG

Forlenging av samarbeidsavtale med Nordhordland Næringslag

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Alver kommune vedtek samarbeidsavtalen med Nordhordland Næringslag for perioden 2026-2029.
2. Alver kommune gir eit årleg økonomisk bidrag på kr 300 000.
3. Løyvinga blir innarbeidd i budsjett og økonomiplan og gjeld med atterhald om kommunestyret sine årlege budsjettvedtak.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å signere avtalen og gjere mindre, ikkje-prinsipielle justeringar i avtaleteksten.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næring, kultur og idrett

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Samandrag

Saka gjeld forlenging av samarbeidsavtalen mellom Alver kommune og Nordhordland Næringslag (NONL) for fire nye år. Det blir lagt opp til å vidareføre føremålet, hovudprioriteringane og det økonomiske bidraget frå avtalen for 2024 og 2025. Ny avtaleperiode er 2026-2029, og det årlege bidraget er foreslått til kr 300 000. Beløpet ligg fast gjennom heile avtaleperioden.

Evalueringa viser god aktivitet innan dei fire prioriterte områda:

- Vidareutvikling av Mongstad
- Attraktivitet og synlegheit
- Kompetanseutvikling og arbeidskraft
- Attraktiv vertskommune.

Kommunedirektøren vurderer at samarbeidet støttar opp under kommunen sine mål for næringsutvikling, og rår til at avtalen blir vidareført med tydeleg årleg rapportering i avtaleperioden.

Bakgrunn

Alver kommune har over fleire år hatt eit formalisert samarbeid med Nordhordland Næringslag. Kommunestyret vedtok i sak 12/20 ein partnarskapsavtale for 2020 og 2021. Avtalen blei forlenga for 2022 og 2023 i sak 057/22.

Kommunestyret vedtok 2. mai 2024 ein ny samarbeidsavtale for 2024 og 2025. Vedtaket var:

«Alver kommune vedtar samarbeidsavtalen med Nordhordland Næringslag for 2024-2025. Det økonomiske bidraget er kr 300 000 per år, og blir finansiert slik det er lagt fram i saka.»

Føremålet med avtalen er at kommunen og NONL skal samarbeide om å styrkje det regionale næringsutviklingsarbeidet generelt og tiltak og satsingar retta mot næringsutvikling i Alver spesielt.

Avtalen skal bidra til å realisere mål og strategiar i regionale og kommunale planar, og støtte næringslaget sitt arbeid med mellom anna samferdsle, infrastruktur, næringsareal, kompetanseutvikling og utvikling av Nordhordlandsregionen.

Hovudprioriteringar i gjeldande avtale

- Vidareutvikling av Mongstad
- Attraktivitet og synlegheit
- Kompetanseutvikling og arbeidskraft
- Attraktiv vertskommune.

Gjeldande avtale legg også til grunn at partane skal møtast minst to gonger i året, og at NONL skal sende ei enkel årsrapport og andre oppdateringar kommunen ber om.

Evaluering av avtaleperioden

NONL har i juni 2026 lagt fram ei evaluering av samarbeidet. Evalueringa er næringslaget si eiga oppsummering av aktivitetar og bidrag i avtaleperioden. NONL opplyser at organisasjonen har om lag 350 medlemsverksemder, og at laget fungerer som bindeledd, dørøpnar og informasjonskanal mellom kommunen og næringslivet.

Prioritering	Døme på aktivitetar som er omtalte i evalueringa
Vidareutvikling av Mongstad	Deltaking i Greenspot Mongstad, arbeid for nye industrietableringar, betre kollektivtilbod til Mongstad, synleggjering av industrien si nasjonale rolle og gjennomføring av Næringskonferansen på Mongstad i 2025.
Attraktivitet, omdøme og synlegheit	Medlemsmøte og konferansar, innspel til kommuneplanen sin arealdel, samarbeid om Arendalsuka, arbeid med Alverbadet og regionalt påverknadsarbeid for infrastruktur, særleg Nordhordlandstunnelen, samt konferansar, medlemsmøter og temamøter
Kompetanseutvikling og arbeidskraft	Leiing og sekretariat for Kompetanseforum Nordhordland, arbeid med vidaregåande opplæring, læreplassgaranti, utdanningsmesser, rådgjevarsamlingar og vidare utvikling av Læring i næring.
Attraktiv vertskommune	Dialog mellom næringslivet og kommunen om byggjesak og plan, innkjøp, næringsareal, høyringar og andre rammevilkår for verksemdene.

Evalueringa omtalar i tillegg arbeid gjennom bransjegruppene for industri, handverk, havbruk og handel og service, arbeid med kraftsituasjonen, næringsprisar og arrangement, leiarnettverk og ei ressursgruppe for unge som står i fare for å falle utanfor arbeidslivet.

Kommunedirektøren si vurdering

Alver kommune har ambisiøse mål for næringsutvikling, industriell omstilling, kompetanse, arbeidskraft, infrastruktur og attraktive lokalsamfunn. For å nå desse måla er kommunen avhengig av eit godt og føreseieleg samarbeid med næringslivet.

NONL har eit breitt nettverk på tvers av bransjar og kan samle innspel, etablere møteplassar og bidra til koordinering mellom kommunen, næringslivet og andre regionale aktørar. Aktivitetane som er omtalte i evalueringa, er i stor grad knytte til hovudprioriteringane i gjeldande avtale. Kommunedirektøren vurderer derfor at samarbeidet er relevant for kommunen sine mål og strategiar.

Evalueringa er i hovudsak ei kvalitativ aktivitetsoversikt. Ho gir eit godt bilete av breidda i arbeidet, men dokumenterer i mindre grad effektar og resultat av det kommunale tilskotet. I ein ny fireårig avtale bør krava til årleg rapportering derfor vere tydelege. Rapporteringa bør vise på ein enkel måte gjennomførte aktivitetar, oppnådde resultat, bruk av tilskotet og eventuelle avvik frå planlagde prioriteringar.

Avtaleperiode

Ei avtaleperiode på fire år gir partane større føreseielegheit og betre grunnlag for å arbeide langsiktig med saker som krev innsats over tid. Samtidig inneber perioden ei økonomisk binding for kommunen. Avtalen bør difor ha atterhald om kommunestyret sine årlege budsjettvedtak og innehalde ei midtvegsevaluering og ei avsluttande evaluering.

Prioriteringar for 2026-2029

Kommunedirektøren råar til at dei fire hovudprioriteringane blir vidareførte. Innanfor desse prioriteringane må partane årleg avklare konkrete aktivitetar og kva rolle kvar av partane skal ha.

- **Vidareutvikling av Mongstad:** Utvikling av eksisterande industri, nye etableringar, grøn omstilling, kraft, transport, beredskap og nødvendig infrastruktur.
- **Attraktivitet, omdøme og synlegheit:** Profilering av kommunen og regionen som stad for busetjing, arbeid, etablering og fritid.
- **Kompetanseutvikling og arbeidskraft:** Samarbeid om utdanningstilbod, lære plassar, rekruttering og kompetansetiltak som møter behova i arbeidslivet.
- **Attraktiv vertskommune:** Profesjonell dialog, føreseielege prosessar og tydeleg rolleavklaring mellom kommunen som styresmakt og kommunen som samarbeidspartnar.

Økonomi

Det årlege økonomiske bidraget er foreslått til kr 300 000.

Føremål	Beløp per år
Generelt driftstilskot	kr 100 000
Aktivitet knytta til Nordhordlandstunnellen	kr 100 000
Næringskonferanse på Mongstad og andre relevante arrangement	kr 100 000
Samla årleg bidrag	kr 300 000

Løyvinga må innarbeidast i budsjett og økonomiplan. Det må i den endelege saka stadfestast kva budsjettområde og fond som skal finansiere dei ulike delane av bidraget. Avtalen bør gjelde med atterhald om kommunestyret sine årlege budsjettvedtak.

Oppfølging og rapportering

- Partane skal ha minst to faste samarbeidsmøte kvart år.
- NONL skal levere ein kort årsrapport innan 1. mars. Rapporten skal omtale aktivitetar, resultat, bruk av tilskotet og eventuelle avvik.
- Partane skal årleg bli samde om prioriterte aktivitetar og rollefordeling.
- Det skal gjennomførast ei midtvegsevaluering og ei evaluering før avtaleperioden går ut.

Konklusjon

Kommunedirektøren vurderer at Nordhordland Næringslag er ein viktig samarbeidspartnar for Alver kommune. Samarbeidet gir tilgang til eit breitt næringslivsnettverk og støttar opp under kommunen sine mål for næringsutvikling, kompetanse, attraktivitet, infrastruktur og vidareutvikling av Mongstad. Kommunedirektøren råar til at samarbeidsavtalen blir vidareført for perioden 2026-2029 med eit årleg økonomisk bidrag på kr 300 000,-.

Vedlegg

1 Avtale Nordhordland Næringslag